


## Melding om vedtak

### Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.,  
0032 OSLO



Dykkar ref:

Vår ref:  
07/01193-2

Saksbeh:  
Janne Aamelfot, 70 27 10 20

Arkivkode:  
09 A10 -

Dato:  
27.12.2007

### HØYRING - ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

Ørskog kommunestyre hadde ovannemnde føre i møte 20.12.07, K-sak 143/07 og det vart gjort slikt


#### VEDTAK:

**Ørskog kommunestyre tek forslag til endringar i barnehagelova til vitande med fylgjande merknader**

- 1. Rett til barnehageplass bør gjelde frå hausten 2009, for barn som er fylt eitt år, og i første omgang ved eitt opptak i året. Dette gir ventetid på inntil eitt år, og departementet bør tidfeste når ein ønsker å gi kommunane plikt til to opptak i året, og dermed ventetid på max 6 mnd.**
- 2. Det bør formulerast klare regler for kva konsekvensar det får for kommunane og foreldra om retten ikkje vert oppfylt**
- 3. Overgang til rammefinansiering bør utsetjast til ein ser dei økonomiske konsekvensane av innføring av lovfesta rett til barnehageplass og til maksimalprisen er ferdig nedjustert.**
- 4. Ved overgang til rammefinansiering bør §14 alternativ 3 for kommunal tilskot til private barnehagar veljast**

Utskrift av saka ligg ved til orientering.

Med helsing  
Ørskog kommune

  
Halldis Yksnøy  
Sekr.

Vedlegg:

1 Utskrift av K-sak 143/07

Kopi til:

Janette Osland Steinvik Sentraladministrasjonen  
Janne Aamelfot Årøyhaugen barnehage



## UTSKRIFT AV

### HØYRING - ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
011/07	Utval for helse / sosial / oppvekst og kultur	11.12.07
143/07	Ørskog kommunestyre	20.12.07

#### Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til endringar i barnehagelova. Og ber om merknader til høyringsnotatet. Forslaget omfattar;

- Innføring av lovfesta rett til barnehageplass
- Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane
- Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar
- Innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren

#### Saksdokument

S Høyring - endringar i barnehagelova

#### Vedlegg:

1 Høyringsdokument - Kunnskapsdepartementet

#### Saksopplysningar

Regjeringa har som mål å innføre ein rett til barnehageplass og innlemme øyremerka statstilskot til barnehagar i rammetilskotet til kommunane når det er full barnehagedekning.

Departementet foreslår å innføre rett til barnehageplass for alle barn som har fylt eitt år ved oppstart, med eitt opptak i året, gjeldande frå 2009. Etter dagens lovtekst har kommunane plikt til å sørge for at det fins eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder.

Kommunane får samstundes økonomisk ansvar for sektoren gjennom rammefinansiering, og får dermed eit heilheitleg ansvar for barnehagesektoren. Rammefinansiering inneber at kommunane gjennom inntektssystemet får tildelt statlig rammetilskot gjennom eit system basert på objektive kriterier. Dagens tilskotsordning er øyremerkt og basert på tildeling etter alder og opphaldstid. Departementet vurderer at overgang til rammefinansiering skal skje ved ei overgangsordning, utan at dei definerer kva dei legg i det.

For å sikre dei ikkje-kommunale barnehagene si vidare drift foreslår departementet at kommunen skal ha en finansieringsplikt overfor eksisterende ikkje-kommunale barnehager. Finansieringsplikta kan bestå av enten lokaltutforma forskrifter for finansiering eller av ei statleg regulering av finansieringsplikta. Departementet foreslår vidare at nyetablerte barnehagar ikkje automatisk skal ha rett på finansiering. Departementet presenterer to alternative finansieringsordningar for finansieringsbegrensning, fritt kommunalt skjønn eller begrensa kommunalt skjønn.

Departementet legg fram fire ulike alternativ til lovtekst i § 14.

Alternativ 1 inneber fritt kommunalt skjønn og lokale forskrifter

Alternativ 2 inneber begrensa kommunalt skjønn og lokale forskrifter

Alternativ 3 inneber fritt kommunalt skjønn og statleg regulering

Alternativ 4 inneber begrensa kommunalt skjønn og statleg regulering

## Høyring - endringar i barnehagelova

For å gjennomføre langsiktige studiar og for å følge forskjellige grupper gjennom utdanningsløpet er det nødvendig å samle inn og systematisere opplysningar om deltaking i barnehagen på individnivå. Departementet foreslår difor en lovheimel og ein forskriftsheimel i barnehagelovafor innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren.

### Vurdering

Regjeringa har gjennom fleire år satsa sterkt på barnehageutbygging og har hatt full barnehagedekking som klart mål. Dei har samstundes varsla innføring av rett til barnehageplass. Ein lovfesta rett vil styrke barnehagen sin posisjon i utdanningssystemet og sikre likeverdig tilgang til gode pedagogiske tilbod og omsorgsordningar for alle barn.

Spørsmålet er kva denne retten skal innebere, kven den skal gjelde og når den skal innførast. Svært mange kommunar har per i dag full barnehagedekning, og mange andre er i ferd med å få det, etter dagens etterspørsel. Det er positivt at departementet ikkje går inn for gradvis innføring av rett, t.d. gjennom aldersinndelingar, men går heilt ned til yngste aktuelle gruppe. Det samme gjeld at retten skal innebere den plasstypen foreldra melder behov for. Når det gjeld ventetid er det positivt at ein på sikt går inn for to opptak i året, men for at innføring av rett skal verte mogeleg å gjennomføre for kommunane bør ein starte med eitt opptak per år. Dette er eit minimumskrav, og dei kommunane som kan oppfylle retten på eit tidlegare tidspunkt har sjølv sagt høve til det.

Nokre kommunar vil kanskje få problem med å oppfylle retten allereie i august 2009 og at retten vert avgrensa til eit tilbod i bokommunen vil gjere det lettare for, særleg små kommunar å fylle sine forpliktingar. Å skulle ha rett til plass t.d. i sin skulekrets eller innanfor eit viss areal vil får store konsekvensar for ytbyggingmønsteret.

Bortfall av øyremerka tilskot til barnehagedrift ha vore varsla lenge og vil nok verte ein realitet. Men det er viktig å vurdere kva som er riktig tidspunkt for denne overgangen. Departementet har mange grunnar for å innføre rammefinansiering samstundes med innføring av lovfesta rett til barnehageplass; kostnadskontroll, effektiv bruk av offentlege midlar og effektivisering av tenesteproduksjonen.

At det enno ikkje er full barnehagedekking, at ein førebels ikkje kan forutsjå kva konsekvensar rett til barnehageplass får for etterspørselen, at ein ikkje er i mål med nedtrapping av maksimalpris og heller ikkje kor store administrative konsekvensar retten til barnehageplass inneber, gjer at ein bør vurdere om rammefinansiering skal utsetjast.

Erfaringar tilseier at overgang til rammefinansiering inneber strammare økonomi for kommunane. Det er difor viktig å tenke gjennom om ny finansieringsordning kan verte ein trussel for kvaliteten i barnehagetilbodet.

Ørskog kommune har per i dag ikkje private barnehagar, og problemstillingane kring finansieringsplikt er difor førebels uaktuell. Dersom ein privat etablerer melder seg vil det likevel vere avgjerande for vår kommune kva regelverk ein skal forhalde seg til. Ein bør då søke eit regelverk som er enkelt å handtere, er forutsigbart for alle og som gir den einskilde kommune fridom til å vurdere kva forpliktingar den kan ta på seg og kva konsekvensar det får for den samla drifta.

At det vert satsa på forskning kring effekten av deltaking i barnehage i forhold til m.a. seinare utdanning er positivt. Den foreslåtte endringa er difor høgst aktuell og vil ikkje føre til særlege meiroppgåver for kommunen.

**Rådmannen legg saka fram med slik**

### Innstilling:

Ørskog kommunestyre tek forslag til endringar i barnehagelova til vitande med fylgjande merknader

1. Rett til barnehageplass bør gjelde frå hausten 2009, for barn som er fylt eitt år, og i første omgang ved eitt opptak i året. Dette gir ventetid på inntil eitt år, og departementet bør tidfeste når ein ønsker å gi kommunane plikt til to opptak i året, og dermed ventetid på max 6 mnd.

## **SIDE 3**

### **Høyring - endringar i barnehagelova**

2. Det bør formulerast klare regler for kva konsekvensar det får for kommunane og foreldra om retten ikkje vert oppfylt
3. Overgang til rammefinansiering bør utsetjast til ein ser dei økonomiske konsekvensane av innføring av lovfesta rett til barnehageplass og til maksimalprisen er ferdig nedjustert.
4. Ved overgang til rammefinansiering bør §14 alternativ 3 for kommunal tilskot til private barnehagar veljast

### **BEHANDLING I Utval for helse / sosial / oppvekst og kultur - 11.12.2007:**

Berre vedlegget til saka – Høring om endring i barnehageloven var sendt ut.  
Saksframlegget vart delt ut i møte.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **VEDTAK (tilråding) frå Utval for helse / sosial / oppvekst og kultur - 11.12.2007:**

Ørskog kommunestyre tek forslag til endringar i barnehagelova til vitande med fylgjande merknader

1. Rett til barnehageplass bør gjelde frå hausten 2009, for barn som er fylt eitt år, og i første omgang ved eitt opptak i året. Dette gir ventetid på inntil eitt år, og departementet bør tidfeste når ein ønsker å gi kommunane plikt til to opptak i året, og dermed ventetid på max 6 mnd.
2. Det bør formulerast klare regler for kva konsekvensar det får for kommunane og foreldra om retten ikkje vert oppfylt
3. Overgang til rammefinansiering bør utsetjast til ein ser dei økonomiske konsekvensane av innføring av lovfesta rett til barnehageplass og til maksimalprisen er ferdig nedjustert.
4. Ved overgang til rammefinansiering bør §14 alternativ 3 for kommunal tilskot til private barnehagar veljast

### **BEHANDLING I Ørskog kommunestyre - 20.12.2007:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **VEDTAK I Ørskog kommunestyre - 20.12.2007:**

Ørskog kommunestyre tek forslag til endringar i barnehagelova til vitande med fylgjande merknader

1. Rett til barnehageplass bør gjelde frå hausten 2009, for barn som er fylt eitt år, og i første omgang ved eitt opptak i året. Dette gir ventetid på inntil eitt år, og departementet bør tidfeste når ein ønsker å gi kommunane plikt til to opptak i året, og dermed ventetid på max 6 mnd.
2. Det bør formulerast klare regler for kva konsekvensar det får for kommunane og foreldra om retten ikkje vert oppfylt
3. Overgang til rammefinansiering bør utsetjast til ein ser dei økonomiske konsekvensane av innføring av lovfesta rett til barnehageplass og til maksimalprisen er ferdig nedjustert.
4. Ved overgang til rammefinansiering bør §14 alternativ 3 for kommunal tilskot til private barnehagar veljast